

Ale
Helene Sande Furre

Vår dato: 12.11.2024
Vår ref.: 202418432-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: Helene S. Furre

Sakshandsamar: Marilyn Marskar,
22959778, mmar@nve.no

NVE si uttale - Varsel om planendring av reguleringsplan R18, gnr. 12 bnr. 30 mfl. - Jøsneset - Hjelmeland kommune

Vi viser til brev datert 23.10.2024 frå Head Energy UP AS ved Helene S. Furre. Saka gjeld høyring av planendring av reguleringsplan «Hytter i området Øygarden – Mork» med planID R18 vedtatt 15.10.1979.


Føremålet med planarbeidet er å auke tillate hyttestørrelse frå 100 til 130 m2 BYA ekskl. bilparkering for fem eksisterande hytter. I tillegg vil planendringa medføre ei digitalisering av planen og oppdatering i tråd med dagens situasjon.

Om NVE


Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndende med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

Søk i NVE Atlas og NVE sine temakart for flaum og skred viser at det er eit lite aktsemdområde for steinsprang i øvre del av planområdet, sjå kartutsnitt neste side. Det ser og ut til å vere eit aktsemdområde for kvikkleireskred sør-vest i planområdet. Vi har fagleg råd om at naturfare vert omtala i ROS-analysen, og at det blir lagt inn omsynssone og tilhøyrande føresegnar som sikrar at tryggleiken blir teke i vare.



Figur 1 Utklipp av gjeldende plankart R18 fra 1979, og tilgrensende planer R19 og R112. Rød pil markerer feltet med de fem eksisterende hyttene som omfattes av planendringen.



Utsnitt fra NVE Atlas som viser aktsemdområde for kvikkleire (blå skravur) og steinsprang (svarte ruter)

Vi viser ellers til nettstaden Enkel planlegging som har eige omtale av «Hva er planvask», med informasjon om rettsleg grunnlag og forslag til framgangsmåte: [Ofte stilte spørsmål | Enkel planlegging](#). Vi viser og til [Rettleiar om planlegging av fritidsbustader](#).



Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn farekartlegging

NVE ynskjer tilgang til alle flaum- og skredfareutgreiingar, både rapportar og eventuelle kartlagde faresoner. Informasjonen som NVE får inn, vil bli brukt til å oppdatere farekarta i NVE Atlas og det offentlege kartgrunnlaget (DOK). Kommunen kan bidra til dette ved å melde inn sjølv, eller oppfordre forslagsstillar til å melde inn naturfareutgreiingar til NVE via Altinn. Vi oppfordrar også til å melde inn grunnundersøkingar til NADAG. Det er meir informasjon om innmeldingsløysinga her: [Innmelding av farekartlegging - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Marilyn Marskar
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Helene Sande Furre

Kopimottakarar:

STATSFORVALTEREN I ROGALAND
HJELMELAND KOMMUNE